
Saksnr: 2021/2704-11
Saksbehandlar Bekka Skaasheim
Dato: 19.08.2021

Til: Klagenemnda

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Dialogen ved overgang frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring

Ref. sak PS 13/21 i klagenemnda 25.03.21: «Klage på vedtak om avslag på søknad om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål» og ønsket frå medlemmane i klagenemnda om ein RS-sak om dialogen mellom ungdomsskulane og vidaregåande opplæring, på generelt grunnlag.

Dialog mellom ungdomsskulane og vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunedirektøren vil i dette notatet gi eit oversyn over samarbeidsområde med kommunane, med særleg merksemd på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen samarbeider og har dialog med kommunane om grunnopplæringa. Dette samarbeidet omfattar fleire områder og på ulike nivå. KS Vestland og fylkeskommunen bygger på tidlegare strukturar før fylkessamanslåinga, og der dialog/ samarbeid mellom skuleeigarane og mellom skulane vert lagt vekt på.

Samarbeidet skal bidra til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og opplever ein god overgang frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring, samt bidra til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

I grunnopplæringa samarbeider kommunar og fylkeskommunen innan desse områda:

- Karriere- og utdanningsrettleiing
- Utdanningsval og hospitering
- Arbeidslivfaget
- Kompetanseheving, pedagogar
- Fagsamarbeid, gjennomgåande læreplanar, fagfornyninga

Avdeling for opplæring og kompetanse, rettleiingstenestene og dei vidaregåande skulane arbeider systematisk for å gi ungdom god og rett informasjon om vidaregåande opplæring.

Søknad til vidaregåande opplæring.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse inviterer rådgjevarar frå alle ungdomsskular i fylke til årlege samlingar. Samlingane vert gjennomført områdevis og er ein viktig arena for informasjon og saman drøfte problemstillingar kring overgangen til vidaregåande opplæring.

På desse samlingane kan ein få informasjon om endringar i lov og forskrift, struktur og tilbod, nasjonalt og lokalt. Til rådgjevarsamlingane vert det utarbeidd eit informasjonshefte om inntak til vidaregåande opplæring for 1.februar-søkjarar (søkjarar med fortrinnsrett, individuell handsaming

og minoritetsspråklege), <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/informasjon-om-inntaket-1.-februar.pdf>

og ei søkjarhandbok. https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/sokjarhandboka_2021-2022.pdf

På rådgivarsamlingane vert handboka, som ligg på heimesida til fylkeskommunen, presentert saman med informasjon om søknadsprosedyre, søknadskategoriar og kontaktinformasjon. Fylkeskommunen har brei kontakt med rådgjevarar og søkjarar på telefon og e-post gjennom heile året.

Når avdelingsdirektøren har gått gjennom søknader med dokumentasjon og utarbeidd forslag til inntak av elevar som søker 1. februar-inntaket, får den enkelte vidaregåande skule ei liste over aktuelle elevar. Samstundes får den vidaregåande skulen tilgang til informasjon som ligg i elevmappa til aktuelle elevar. Den vidaregåande skulen sender invitasjon til informasjonsmøte/overføringsmøte til avgivarskule. På møtet deltek elev, føresette, rådgjevar frå ungdomsskule, og ved høve representantar frå den fylkeskommunale PP-tenesta og/eller andre aktuelle deltakarar.

Informasjonsskjema med frist 1. juni blir som hovudregel nytta i samband med overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule, men kan også nyttast mellom dei vidaregåande skulane. Skjemaet kan, når eleven er samd i at fagleg/sosial relevant informasjon frå ungdomsskulen/vidaregåande skule, bli overført til den nye skulen. Dette skjemaet gjeld primært for elevar som søker ordinært inntak, og som ikkje sender vedleggskjema med dokumentasjon slik 1. februar-søklarar gjer. Informasjonsskjemaet skal sikre at mottakaraskulen får relevant fagleg- og sosial informasjon frå ungdomsskulen når eleven er samd i dette.

Det vert gjennomført overføringsmøte mellom ungdomsskular og vidaregåande skular. Formålet med informasjonsmøte/overføringsmøte er å sikre ein god skulestart, sikre at eleven får opplæringa tilrettelagt på best mogleg måte, og sikre at skulen får tid til å førebu naudsynte tilretteleggingstiltak.

Samarbeidsstrukturane mellom kommunar og fylkeskommune er ikkje einsarta i Vestland fylke. Slik avdelingsdirektøren ser det er dette eit viktig utviklingsområde, og det må kontinuerleg arbeidast med å utvikle samarbeidet mellom ungdomsskulane og vidaregåande opplæring. På denne måten kan ungdom i større grad oppleve ein god overgang og gjere medvitne val av utdanningsprogram og unngå feilval.